

Kommentar til høyring om organisering av merkantile tenester (merkantil struktur) i skulen frå LAV

Oppgåver og oppgåvefordeling

Høyringsspørsmål

- Kva oppgåver kan og bør leggjast til merkantile stillingar? Andre oppgåver enn dei som går fram av oversikta?
 - Ansvar for korrekte vitnemål/kompetansebevis må vere plassert i den pedagogiske leiinga.
 - Timeplan- og romplanlegging tilhøyrer stab/pedagogisk leiing
- Korleis få til klare roller og klar ansvarsdeling mellom merkantilt tilsette og pedagogisk leiing?
 - Fordeling av ansvar for dei ulike arbeidsoppgåvene må avtalast på den enkelte skule. Kompetansen til merkantilt tilsette vil vere med å bestemme ansvarsfordelinga.
- Korleis leggje til rette for god samhandling mellom merkantile tenester og pedagogisk leiing?
 - Faste møter der bl.a ansvarsfordelinga er tema

Organisasjonskart og struktur

Høyringsspørsmål

- Kva struktur vil vere tenleg for merkantile tenester på skular med ulik storleik?
 - Reinhaldarar må vere med i organisasjonsstrukturen
 - Skulane må sjølve avgjera kven som skal ha personalansvar for IKT-konsulent og bibliotekar.
- Kor bindande bør merkantil struktur vere for skulane, status som rettleiande?
 - Den merkantile strukturen bør vere rettleiande
- Bør det vere rutine for godkjenning på skuleeigarnivået av merkantil struktur ved den enkelte skule?
 - Nei. Skulane har ulik storleik, og kompetansen til dei merkantilt tilsette er ikkje lik. Skuleeigar er ein samtalepartner i prosessen.
- Kva tidsplan for gjennomføring kan vere realistisk? Innføring av ny struktur gradvis?
 - Ein ev. ny struktur må innførast gradvis.
 - Skilje mellom pedagogisk stab og tilhøyrande oppgåver på den eine sida og merkantil stab på den andre sida er noko uklår og bør tydeleggjerast.

Merkantile stillingar og skulestorleik

Høyringsspørsmål

- Korleis ser de behovet for stillingar i høve til skulestorleik?
 - Sjå tabell. Skular med avdelingar som ligg langt frå kvarandre kan ha behov for å auke talet på stillingar
 - Lærlingen må vere i tillegg til «grunnbemanninga»

<i>Tittel</i>	<i>Mellomstore skular</i>	<i>Store skular</i>	<i>Særs store skular</i>
Administrativ leiar	1	1	1
Spesialkonsulent/ Rådgivar		1	1
Førstekonsulent	1	1	2
Konsulent			
Lærling/Fagarbeidar			

Høyringsspørsmål

- Kva kompetansekrav bør leggjast til grunn i høve til oppgåver som er lagt til / kan leggjast til ulike stillingar?
 - Spesialkonsulent/rådgiver bør også kunne ha oppfylt kompetansekravet ved realkompetanse, ellers ingen kommentar til kompetansekrava.

Kompetanseutvikling

Høyringsspørsmål

- Kva kompetanseutvikling vil det vere det behov for?
 - HFK bør utarbeide ei kurspakke – « Frå konsulent til rådgiver» der merkantilt personale ved å fullføre kursrekkeja kan få økt sin kompetanse og mulighet for vidare karriere
 - Ved innføring av nye IT-løsningar som Ephorte, nytt skuleadm system mm. vil det vere behov for kurs.